

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2021/2	15.02.2021	Samfunnsutvalet
2021/2	23.02.2021	Formannskapet

Reguleringsplanlegging - Loar skule

Vedlegg

- 1 Loar skule - Forslag til planavgrensing.

Innstilling frå administrasjonssjefen

Lom kommune startar opp reguleringsplanarbeid med sikte på å leggje ned gang- og sykkelveger gjennom Loar skule, og erstatte desse med alternativ trase som er omtala i saksutgreiinga. Planarbeidet gjennomførast som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planavgrensinga er vist på vedlagte kart, vedlegg 1.

Saksutgreiing

Loar skule har ønskje om at det må skje ei planendring med omsyn til gang- og sykkelvegar gjennom skuleområdet.

I reguleringsplan for Brubakken vedteke i 2018 er "vegane" gjennom skuleområdet regulert som gang- og sykkelvegar, jf. kartvedlegg. Det er såleis regulert gang- og sykkelveg frå Brubakken gjennom skuleområdet til FV2638 – Solsidevegen (lengde om lag 230 m). Det er fotgjengarovergang frå her over FV2638 mot ny gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, og forbinding mot Gammelvegen og bustadområda i Prestgardskogen. Like nord for skulebygningane går det ein stubb med gang- og sykkelveg av frå denne, ned til gang- og sykkelvegen som går langs RV15 (om lag 80 m), og mot undergangen under RV15. Via undergangen er det er gang- og sykkelvegforbinding vidare mot ungdomsskulen/kyrkja/Utgard. Den øvste del av denne stubben har vore nytta som akebakke av skulen når det har vore forhold for det. Skulen har i den samanheng vendt seg til teknisk kontor med ønskje om at gang- og sykkelvegen her ikkje må strøast med omsyn til at ungane renner seg der. Teknisk kontor har måtte avvise dette med omsyn til ansvaret som kommunen har for at det skal vere trygg framkomst for gåande og syklande langs offentlig regulert gang- og sykkelveg.

Mot Solsidevegen er det ei grind mot skuleområdet.

Skulen meiner især at det er uheldig at det er trafikk av andre gjennom skuleområdet på dagtid. Det er spesielt vist til at syklistar kan ha god fart gjennom området, at mange folk går gjennom området med hundar og det har også vore trafikk med hest. Dei viser til at det er eit sikkerheitsaspekt ved dette i forhold til potensiale for ulukker, og også eit problem i forhold til forsøpling og etterlatenskaper frå dyr. Ein har også opplevd at turister kjem å vil fotografere og nytte skuleområdet som leikeplass. Frå skulen si side er det ikkje ønskjeleg med "uvedkommande" i skuleområdet, især i skuletida. Skulen har ønskje om at skuleområdet der ungane leikar seg skal vere avsperra med gjerde.

Med omsyn til trafikktryggleik er det viktig å oppretthalde eit godt gang- og sykkelvegnett på Fossbergom, og særleg med omsyn til å ha trygge skulevegar. Det er også viktig at eventuell nedlegging av offentlege gang- og sykkelveger, ikkje må medføre at det blir lengre veg å gå/sykle og meir tungvidt å ta seg fram. Med dette som utgangspunkt har plankontoret/teknisk kontor saman med skulen sett på moglegheiter for å innfri skulen sitt ønskje.

Ein har kome fram til at å tilrå ei løysing med at det blir opparbeid ein ny trase med gang- og sykkelveg på om lag 60 m frå grinda mot Solsidevegen ned mot parkering/bussplass, der denne treffer eksisterande gang- og sykkelvegen ned mot undergangen ved parkering/bussplass. Ein viser til kartvedlegget. Følgjer ein da gang- og sykkelvegen langs RV15 vidare til Fjellsenteret, blir denne gang- og sykkelvegstrekinga om lag 30 m stuttare enn om ein tek dagens alternativ gjennom skulegarden.

Det kan gjerdast langs den nye strekinga med gang- og sykkelveg for å skilje denne frå det primære skuleområdet, og ein må da fløtte den omtalte grinda om lag 8 m mot aust. Sykkelbana som skulen opparbeide i 2019, blir liggande på utsida av den nye gang- og sykkelvegstubben, det same gjer parkeringsplassen/plassen for skulebusstrafikk. Skulen får vurdere om dei evt. vil flytte sykkelbana til ein anna stad i skuleområdet, eller om denne kan ligge utagjerds. Sykkelbana vil bli noko råka av anleggstillaket i øvre kanten. Forslaget inneber at gang- og sykkelvegane blir definerte om frå å vere offentlege gang- og sykkelveger til å vere internveger og regulerte som inn i skuleområdet som *offentleg formål – undervisning*.

Den nye stubben med gang- og sykkelveg vil få nokon lunde same stigningsforhold som eksisterande gangvegforbindinga ned mot undergangen under RV15 – om lag 11 %.

Vurdering

Den skisserte løysinga, sett i saman med at det er bygd gang- og sykkelveg langs Solsidevegen (FV2636) og langs Brubakken, gjer at ein vil oppretthalde gode forbindingar med gang- og sykkelveg mellom sentrum og bustadområde/helseinstitusjonar i vest.

For å få gjennomført dei skisserte løysingane, er det nødvendig å gjennomføre ei omregulering. Den nye stubben med gang- og sykkelveg er i seg sjølv eit avgrensa tiltak, men da løysinga også medfører at ein vil stengje/definere om strekingane med gang- og sykkelveg gjennom skuleområdet, er det naudsynt å gjennomføre ein planprosess. Gjeldande plan i området er reguleringsplan for Brubakken (planid. 5140072), vedteken 12.04.2018. For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjeld i utgangspunktet same regelverk som for utarbeiding av ny plan (PBL § 12- 14, 1. ledd). Da den skisserte planendringa kan seiast å påverke allmentas interesser ved at dagens trasear for gang- og sykkelvegar gjennom skuleområdet vil bli teke ut, vurderer ein at det vil vere rett å gjennomføre ein full planprosess med offentlig høyring og ettersyn av planforslaget.

Byggekostnadene for dei nye 60 m med gang- og sykkelveg er forventa å ligge på mellom kr. 1.000 – 2.000 kr. pr. løpemeter – dvs. ein totalkostnad på kr. 60.000 – kr. 120.000. Desse kostnadene er ikkje med i investeringsbudsjett for 2021. Tiltaket vil medføre noko auke i samla driftskostnadar, men det

blir dels kompensert ved at 40 m gang- og sykkelveg går ut av bruk (den strekninga som blir brukt som akebakke). Ein må også gjere ei vurdering av drifta av dei strekningane gjennom skuleområdet som i dag er offentleg gang- og sykkelveg.

Plankontoret tek sikte på å gjennomføre planarbeidet i eigen regi. Dette planarbeidet er ikkje teke med i planoversikta i den nyleg vedtekne planstrategien for Lom kommune, slik at ein finn det riktig at det blir gjort politisk vedtak om igangsetting av planarbeidet.

Saksprotokoll i Samfunnsutvalet 15.02.2021:

Behandling

Vedtak

Lom kommune startar opp reguleringsplanarbeid med sikte på å leggje ned gang- og sykkelveger gjennom Loar skule, og erstatte desse med alternativ trase som er omtala i saksutgreiinga.

Planarbeidet gjennomførast som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planavgrensinga er vist på vedlagte kart, vedlegg 1.

Samrøystes

Saksprotokoll i Formannskapet 23.02.2021:

Behandling

Formannskapet uttrykte støtte til å sette i gang planprosess med tanke på omregulering av gang- og sykkelveg gjennom skuleområdet på Loar skule. Formannskapet uttrykte bekymring for at den foreslåtte nye traseen for gang- og sykkelveg vil gå inn på den etablerte sykkelbana

Vedtak

Lom kommune startar opp reguleringsplanarbeid med sikte på å leggje ned gang- og sykkelveger gjennom Loar skule, og erstatte desse med alternativ trase som er omtala i saksutgreiinga.

Planarbeidet gjennomførast som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planavgrensinga er vist på vedlagte kart, vedlegg 1.

Samrøystes